



Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Service- og fellestenester.

Saksh: Magne Inge Vårvik

Tlf: 53 65 65 21

Dato : 02.09.2010

Vår ref: 10/13366

Dykkar ref: 10/1067

Arkiv: K1-

**MOGLEG NY MODELL FOR INTERKOMMUNALT SAMARBEID:
SAMKOMMUNEMODELLEN - UTTALE FRÅ VINDAFJORD
KOMMUNE**

Det vert vist til Dykkar skriv datert 26.04.10 med oversending av ovannemnde sak for uttale og til Dykkar skriv datert 11.06.10 med utsetjing av høringsfristen til 01.10.10.

Vindafjord formannskap handsama saka i møte 31.08.10, sak 084/10, og gav slik uttale:

1) *Vindafjord kommune er negativ til forslaget om å lovfeste samkommune som eit nytt forvaltningsnivå/modell for interkommunalt samarbeid. Kommunane har tilstrekkeleg grunnlag i gjeldande lovverk til å inngå interkommunalt samarbeid. Det breie samarbeidet som ligg til grunn for å opprette ein samkommune er i realiteten ei erkjenning av at dei samarbeidande kommunane i staden bør slåast saman.*


2) *Om motivet for samkommunemodellen er tenkt som ei overgangsordning for kommunesamanslåing er Vindafjord kommune positiv til samkommunemodellen som ein måte å organisere prosessen på for å gi deltakarkommunane betre beslutningsgrunnlag til eventuelt å slå seg saman.*

Vedkomande departementet sine spørsmål i høringsnotatet:

- 1) *Vindafjord kommune er i alle høve kritisk til å opna for samkommune der både kommune og fylkeskommune er deltakar.*
- 2) *Vindafjord kommune ynskjer at det skal vera 2/3 fleirtal (kvalifisert fleirtal) i kommunestyret for å delta i samkommune.*
- 3) *Samkommunar skal ikkje kunne eige aksjeselskaper eller interkommunale selskaper. Samkommunar bør konsentrere seg om lovpålagte oppgåver.*

Særutskrift av formannskapet si handsaming ligg ved.

Med helsing


Magne Inge Vårvik

Konsulent politisk sekretariat

Vedlegg: Særutskrift av FS.sak-084/10.

Vindafjord kommune

SAKSPAPIR

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	21.06.2010	073/10	MIV
Formannskapet	31.08.2010	084/10	MIV

Avgjerd av: Saksansv.: Magne Inge Vårvik	Arkiv: K1- Objekt:	Arkivsaknr 10/1384
---	-------------------------------------	------------------------------

MOGLEG NY MODELL FOR INTERKOMMUNALT SAMARBEID: SAMKOMMUNEMODELLEN - UTTALE FRÅ VINDAFJORD KOMMUNE

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	26.04.2010	Det Kongelige Kommunal- og regionaldepartement	HØYRINGSNOTAT- MOGLEG NY MODELL FOR INTERKOMMUNALT SAMARBEID:
3	I	11.06.2010	Kommunal- og regionaldepartementet	SAMKOMMUNEMODELLEN HØYRINGSNOTAT - MOGLEG NY MODELL FOR INTERKOMMUNALT SAMARBEID: SAMKOMMUNEMODELLEN - UTSATT HØRINGSFRIST

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova

Saka gjeld:

Mogleg ny modell for interkommunalt samarbeid: samkommunemodellen.

Saksopplysningar:

Kommunal- og regionaldepartementet oversender i skriv datert 26.04.10 høyringsnotat med forslag til moglege endringar i kommunelova. Frist for uttale er sett til 02.08.10.

I skrivet frå departementet heiter det m.a.:

"I dette høyringsnotatet beskrives en ny mulig modell for interkommunalt samarbeid i form av en samkommune. Samkommunemodellen er tiltenkt interkommunale samarbeid mellom flere kommuner, om et bredt spekter av oppgaver/tjenester innenfor kommunenes lovpålagte oppgaver.

Samkommunemodellen har tidligere vært på høring sammen med forslag til lovfesting av vertskommunemodellen (2005). Forslag til lovfesting av vertskommunemodellen ble fremmet i Ot.prp. nr. 95 (2005-2006). Departementet fulgte i samme dokument ikke opp forslaget om å lovfeste en samkommunemodell. Hovedbegrunnelsen for dette var at departementet, etter en samlet vurdering, mente at det var grunn til å vinne noe mer erfaring med samkommunemodellen før en slik samarbeidsform eventuelt ble lovfestet. Det har skjedd mye i perioden etter at forslag til samkommunemodell første gang ble sendt på høring.

Kommunene befinner seg nå i annen situasjon med hensyn til oppgaver, jf. her spesielt samhandlingsreformen, enn for noen få år tilbake. Mange kommuner ser behov for å samarbeide på stadig flere områder. Dessuten er samkommunemodellen videreutviklet og endret på flere punkter i forhold til den som ble hørt i 2005. Det er derfor viktig at kommunene får anledning til å være med å påvirke modellen ved at det gjennomføres en ny høring.

I dette høringsforslaget er det noen særlige punkter departementet er opptatt av at høringsinstansene skal gi sitt syn på.

Dette er følgende punkter:

- Punkt 3.7 der det drøftes om det bør åpne for samkommuner der både kommuner og fylkeskommuner er deltakere
- Punkt 3.8 der det drøftes om det bør stilles et særlig krav til kommunenes vedtak om å delta i en samkommune
- Punkt 3.9.2 der det drøftes om det bør åpnes for at en samkommune kan eie aksjeselskaper, interkommunale selskaper mv.”

Rådmannen la skrivet fram for Vindafjord formannskap som referatsak til møte 04.05.10. Formannskapet bad rådmannen fremja sak på dette til eit seinare møte.

Rådmannen legg med dette fram saka for drøfting utan framlegg til vedtak

Kommunal- og regionaldepartementet har i skriv datert 11.06.10 gitt melding om at høringsfristen er utsett til 01.10.10.

21.06.2010 FORMANNSKAPET

Terje Halleland foreslo for Frp:

Vindafjord kommune er negativ til forslaget om å lovfeste samkommune som ein ny modell for interkommunalt samarbeid. Kommunane har tilstrekkeleg grunnlag i gjeldande lovverk til å inngå interkommunalt samarbeid. Det breie samarbeidet som ligg til grunn for å opprette ein samkommune er i realiteten ei erkjenning av at dei samarbeidande kommunane i staden bør slåast saman.

FS-073/10 VEDTAK SAMRØYSTES:

Til å leggja fram forslag til uttale frå Vindafjord kommune til neste formannskapsmøte vert valde:

Varaordførar Marit Aga Hustvedt leiar (kallar inn gruppa)

Åsmund Kalstveit

Terje Halleland

Gruppa har hatt arbeidsmøte, og gjennom dette kome fram til følgjande forslag til uttale:

1) Vindafjord kommune er negativ til forslaget om å lovfeste samkommune som eit nytt forvaltningsnivå/modell for interkommunalt samarbeid. Kommunane har tilstrekkeleg grunnlag i gjeldande lovverk til å inngå interkommunalt samarbeid. Det breie samarbeidet som ligg til grunn for å opprette ein samkommune er i realiteten ei erkjenning av at dei samarbeidande kommunane i staden bør slåast saman.

2) Om motivet for samkommunemodellen er tenkt som ei overgangsordning for kommunesamanslåing er Vindafjord kommune positiv til samkommunemodellen som ein måte å organisere prosessen på for å gi deltakarkommunane betre beslutningsgrunnlag til eventuelt å slå seg saman.

Vedkomande departementet sine spørsmål i høringsnotatet:

- 1) Vindafjord kommune er i alle høve kritisk til å opna for samkommune der både kommune og fylkeskommune er deltakar.**
- 2) Vindafjord kommune ynskjer at det skal vera 2/3 fleirtal (kvalifisert fleirtal) i kommunestyret for å delta i samkommune.**
- 3) Samkommunar skal ikkje kunne eige aksjeselskaper eller interkommunale selskaper. Samkommunar bør konsentrere seg om lovpålagte oppgåver.**

31.08.2010 FORMANNSKAPET

Gruppa sitt forslag vart samrøystes vedtatt, bortsett frå første punkt 2 i forslaget til uttale, som vart vedtatt med 5 røyster.

Terje Halleland (Frp), Terje Kleiven (H), Jan Sverre Frønsdal (Krf) og Steinar Skartland (Krf) røysta mot dette punktet.

FS-084/10 VEDTAK:

1) Vindafjord kommune er negativ til forslaget om å lovfeste samkommune som eit nytt forvaltningsnivå/modell for interkommunalt samarbeid. Kommunane har tilstrekkeleg grunnlag i gjeldande lovverk til å inngå interkommunalt samarbeid. Det breie samarbeidet som ligg til grunn for å opprette ein samkommune er i realiteten ei erkjenning av at dei samarbeidande kommunane i staden bør slåast saman.

2) Om motivet for samkommunemodellen er tenkt som ei overgangsordning for kommunesamanslåing er Vindafjord kommune positiv til samkommunemodellen som ein måte å organisere prosessen på for å gi deltakarkommunane betre beslutningsgrunnlag til eventuelt å slå seg saman.

Vedkomande departementet sine spørsmål i høringsnotatet:

- 1) Vindafjord kommune er i alle høve kritisk til å opna for samkommune der både kommune og fylkeskommune er deltakar.**
- 2) Vindafjord kommune ynskjer at det skal vera 2/3 fleirtal (kvalifisert fleirtal) i kommunestyret for å delta i samkommune.**
- 3) Samkommunar skal ikkje kunne eige aksjeselskaper eller interkommunale selskaper. Samkommunar bør konsentrere seg om lovpålagte oppgåver.**

02.09.10: Melding sendt Kommunal- og regionaldepartementet